

----- Navet i disippelhjulet -----



Tanker om Kristus i sentrum av styreleder
i Navigatørene, Tor Andre Giskejerde

For ei tid sidan så gjekk eg ein skogstur. I eit blautt gjørme parti på stien var det eit tydeleg avtrykk i gjørma. Det såg ut som eit hjulavtrykk, sannsynlegvis av ein terrengsykkel. Nokre minutt seinare, midt i ein bakke, møtte eg ein syklist med hjelm og briller på terrengsykkel. Svart i ansiktet av gjørme med eit konsentrert blikk framover førte hjula han over stein og røter.

For ein navigatør så har hjulet vore ein illustrasjon som har hjelpt mange til å forstå det nye livet med Jesus Kristus og korleis vere ein Jesu etterfølgjar. At stadig fleire møter Jesus og kjem til tru på Han ved at enkeltmenneske blir utrusta til å leve tydlege disippelliv, er ein del av Navigatørenes visjon. Vi ønsker å bli kjent med Jesus, og Hjulet viser seks grunnleggende komponentar til eit livskraftig og fruktbart kristenliv. Det er dei fire eikene, felgen og navet. Navet og felgen er bunde saman gjennom eikene. Navet er senteret på hjulet, festa til akslingen som fører krafta vidare ut i hjulet slik eit køyretøy kan rulle framover. Ved å ha Kristus i sentrum i vårt liv kan *disippelhjulet* rulle. To sentrale bibelvers er knytta til navet i *navigatørhjulet*. «Om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte till» (I Kor 5,17). «Eg lever ikkje lenger sjølv, men Kristus lever i meg. Og det

Jesus Kristus i sentrum

TEKST TOR ANDRE GISKEJERDE

livet eg no lever som menneske av kjøt og blod, det lever eg i trua på Guds Son, som elskar meg og gav seg sjølv for meg.» (Gal 2,20).

Å sleppe Jesus inn i livet vårt

Navet illustrerer min nye identitet når eg har sleppt Jesus inn i livet mitt. Og det handlar om val, valet om å ville ha Jesus i sentrum og vere lydig mot han. Kva har skjedd? Vi har «gått over frå døden til livet» (Joh 5,24), og vi er «frikjøpte i Kristus Jesus» (Rom 3,24). Nøkkelordet for meg er *i Kristus*. Gud har tatt bolig i oss gjennom Den heilage ande, og vi har evig liv. Vi er ein ny skapning. Kven er eg då?

«For de fekk ikkje den ånda som slavane har, så de på nytt skulle leve i frykt. Nei, de fekk Anden som gjev rett til å vere **Guds born**, den som gjer at vi ropar «**Abba, Far!**». **anden sjølv vitnar med vår ånd** at vi er Guds born. Men er vi born, då er vi og arvingar. Vi er Guds arvingar og Kristi medarvingar, så sant vi lid med han, så vi òg skal eige **herlegdomen saman med han.**» (Rom 8,15-17).

Det som er knytta til min nye identitet er *privilegiet* at eg er **Guds born**, det gir meg *ein relasjon* til Gud som er så nær at eg kan kalle han **pappa** (Abba, Far). Det gir meg *opplevelinga* av at **anden sjølv vitnar med min ånd** at eg er **Guds born**, og den viser oss *håpet* at eg skal eige **herlegdomen med han.**

Han gav seg sjølv for meg, og gjennom dette har eg blitt rik. «De kjenner vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle bli rike.» (2 Kor 8,9). Den italienske skodespelaren Roberto Benigni laga filmen *La vita è balla* (Livet er herlig). Historia er om den fem år gamle Giosuès som saman med faren og onkelen blir deportert til ein konsentrasjonsleir, der Giosuès overlever gjennom ein konkurranse som faren laga. Benigni vann tre Oscar-prisar for den filmen. Ein strålende og veivande Benigni hoppa opp på scena og omfamna den ventande Sophia Loren. I takketalen sin sa han: «Eg vil takke mine foreldre i Italia for å ha gitt meg den største gaven – fattigdom». Den no rike skodespelaren med

stor suksess visste kvar han kom frå. Det var det som gjorde at han forstod mykje betre verdien av rikdommen. Fattigdom er mangel på fridom til å velje. Eg som no er rik har sjansen til å velje, eg kan velje kva mat eg skal ete eller kva kle eg vil kle meg med. I Kristus er eg blitt kjøpt til fridom. Ein slik fridom gir meg også eit stort ansvar. Sjå i Kor 10,23-33.


Ein kristen sin nye identitet er knytta til at det gamle er borte, noko nytt har blitt til. Det har skjedd eit under, og berre den som har fått den Heilage Ande kan forstå det.

*Frykt ikke mere! Ewig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære. Seier er hans vei.
Evig skal han regjere.
aldri frykter jeg.*

Min nye identitet er at eg har min borgarrett i himmelen (Fil 3,20). Når eg er ute og reiser så er ikkje min borgarrett i *Kongeriket Norge* knytta til korleis eg føler meg eller korleis omgjevnadane er. Det er knytta til at eg «står i boka», og eg har passet med meg som eit bevis.

Væpne oss med tanken

«Det livet eg lever no som menneske av kjøt og blod». Paulus minner oss om at vi framleis er her på jorda der både synd og død eksisterer. Men det har ikkje makt over oss lenger. Vi er kjøpt fri, «ut av marknaden» (Gal 3,13). Det er slik Gud ser på den som har sleppt Jesus inn i livet sitt, og det er slik han ønsker at vi skal sjå på oss sjølve. På same tid skriv Peter om korleis vi som kristne skal leve i verden, korleis vi skal vere annleis. Dette startar frå innsida ved å sleppe Jesus til i vårt liv, og ved å væpne seg med tanken at ein er «ferdig med synda» (1 Pet. 4,1).



----- Jesus Kristus i sentrum -----

Vi kan ta ulike val. Anten kan eg ta meg saman og kjempe for å «bli betre», eller eg kan seie til meg sjølv at Jesus har kjøpt meg, han eig meg og synda har ikkje makt over meg lenger. Det handlar om at hans ord får makt over meg. Det handlar om å fokusere på Jesus, han som er «trua sin opphavsmann og fullendar» (Hebr 12,2). Å ha Jesus i sentrum handlar om å ha perspektiv i livet sitt. Jesus såg framover mot den gleda som venta, og Jesus ber oss om å ha det same perspektivet. I vår praktiske kvardag handlar det om val. Kanskje det er her vi rører ved noko av tidsånda som vi har i dag. Vi vil helst ha alle moglegheiter opne, for vi veit at seier vi ja til noko, så seier vi på same tid nei til andre ting.

Å velje

Å sette Jesus i sentrum er å ta eit aktivt val, og det handlar om å prioritere. 11. Kor 9,24-27 les vi om korleis det krevs disiplin for å vinne sigersprisen. «Alle som er med i kampleikane, må nekte seg alt. Dei gjer det for å vinna ein uforgjengeleg krans, men vi for å vinne ein uforgjengeleg.» Paulus viser at hans perspektiv var utover det jordiske, og alle ting som han måtte seie nei til betydde ikkje lenger noko for «noko nytt har vorte til.»

«For ein navigatør så har hjulet vore ein illustrasjon som har hjelpt mange til å forstå det nye livet med Jesus Kristus og korleis vere ein Jesu etterfølgjar.»

I ei av scenene i filmen *Karate Kid* får Daniel LaRusso til oppgåve av den gamle karatemestaren Mr Kesuke Miyagi å polere bilen med to filler. Det skulle vere sirkelrørsler med begge hendene. Den unge Daniel såg ikkje samanhengen og uvilja var stor. Men så tok han valet og gjorde som meistaren sa. Gjennom dette så fekk han øvd inn den styrken og dei rørslene som var viktig i forsvaret i ein karatekamp. Disiplin var eit viktig element. «For kroppsleg øving er nyttig til noko, men guds frykta er nyttig til alt. Ho ber i seg lovnaden både for dette livet og for det som kjem.» (1 Tim 4,8). Eg må og øve, øve meg i å tenke dei tankane som Gud tenkjer om meg. Eg er ein ny skapning, lever ikkje lenger sjølv, men Kristus lever i meg. *Det er det store underet, og det er nåde.*

Då syklisten sykla forbi meg kunne eg ikkje sjå tydeleg eikene eller felgen, men navet var lett å sjå. Eit disippelhjul i fart viser Jesus. Etter syklisten var det eit tydleg spor, det var laga av felgen. «The Obedient Christian in Action» som det heiter i den internasjonale utgåva av *disippelhjulet*.